

Frå boka

«Huldra, draugen og fanden sjølv»

Redigert av Ove Eide, bilder av Finn Egil Eide ...

... inspirasjon



MARMÆLEN

Marmælen

Segn frå Flora

Marmælen er ei liten havmann som fiskarane stundom får sjå. Gjev dei han ei gåve, eitt eller anna dei tykkjer sakn i, vert marmælen takksam og gjev dei gode råd. Ein haust siglde to båtar til havs frå Batalde-øyane etter krabbe-torsken. Det var synnaver. Dei som siglde sist fekk sjå marmælen. Han som styrde, kom i håg dette med gåva. Eitkvart dei tykte sakn i - kva kunne det vere, no i kulden? Dermed treiv han eine votten sin og kasta til marmælen. Då hørde dei marmælen rope:

Du gode mann som votten meg gav,
lett dine krokar og fly under skar.

Det tyt i tall,
det bryt i fall -
stort vêr i hava !

Dei snudde med ein gong, og berga seg til lands før storvêret kom. Den andre båten spurdest aldri meir.

Marmælen

**KLIKK PÅ SIDA >
OG DU FÅR MELODIEN**

Marmælen, frikar i havet,
men`ske frå livet og opp.
dertil med med finnar og hale,
alt i ein ørliten kropp.
Syner seg ofte i tider
fiskaren søkjer seg til
slauren frå djupaste djupet
med svar på all uro og tvil.

Marmælen krev seg ei gåve
gitt for eit visseleg råd.
Hist ut i Flora kom torsken,
karar stod klare i båt.
Villrådig styrmann i båten
grunna på kulde og kav,
slengde ein vott ut til fyren.
Då stemna eit skip ut mot hav.

Hørde då marmælen rope:
*Godmann som votten gav bort,
bårene kvitgår der ute,
havet er veldig og stort.*
Snudde då båten attende,
marmælen kunne ha rett.
Hin båt som fór ut i havet
vart aldri meir spurd eller sett.

FREDDIE LANGRIND 2018

© Eide / Eide / Langrind